



# Møteprotokoll

## for

### Utval for næringutvikling og drift

**Møtedato:** 02.09.2020  
**Møtestad:** Nordhordlandshallen, kantina  
**Møtetid:** 12:00 - 17:00

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Stian Lavik	KRF	Utvalsleiar
Mabel Johansen	H	Nestleiar
Liv Høpland van der Kooij	SP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Øyvind Bratshaug	FRP	Medlem
Yngve Walaker	FNB	Medlem
Maya Riise	MDG	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Kommunalsjef Hogne Haugsdal, kommunalsjef Anny Bastesen, rådgjevar Næring og utvikling Tove Hagenes, rådgjevar Plan og analyse Line Thuen Waage, rådgjevar Næring og utvikling Arne Eikefet, rådgjevar Næring og analyse Helen Gjærde, møtesekretær Arthur Kleiveland

---

### Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
060/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
061/20	Godkjenning av møteprotokoll
062/20	Prosess og rammer for moglegheitsstudie Nordhordland/Alver
063/20	Meldingar og orienteringar

## **060/20: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

### **Utval for næringutvikling og drift 02.09.2020:**

#### **Behandling:**

Utvalet godkjende samrøystes innkalling og sakslise.

#### **ND- 060/20 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjend.

## **061/20: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

### **Utval for næringutvikling og drift 02.09.2020:**

#### **Behandling:**

Utvalet godkjende samrøystes protokoll frå ekstramøte 7. juli.

#### **ND- 061/20 Vedtak:**

Utvalet godkjende samrøystes protokoll frå ekstramøte 7. juli.

## **062/20: Prosess og rammer for moglegheitsstudie Nordhordland/Alver**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Alver kommune set av ei økonomisk ramme på kr 750.000 til ein moglegheitsstudie/scenarioanalyse for Nordhordland/Alver. Moglegheitsstudien er ein delprosess av scenarioanalysen for Vestland, gjennomført av Vestland fylkeskommune.
- Moglegheitsstudien for Nordhordland/Alver skal vere eit samarbeid med næringslivet i regionen

- Arbeidet blir finansiert i tråd med vedtak i sak 71/20, 1. tertialrapport 2020

#### **Utval for næringsutvikling og drift 02.09.2020:**

##### **Behandling:**

Kommunalsjef Hogne Haugsdal orienterte.

Det vart sett fram følgande fellesframlegg i møtet:

Utvalet sluttar seg til saksframlegget og vedtaket slik det ligg føre, under føresetnad at det i tredje punkt blir vist til riktig vedtak i næringsutvalet der det vart tildelt NOK 750 000 til føremålet.

Utvalet vedtok samrøystes fellesframlegg sett fram i møtet.

##### **ND- 062/20 Vedtak:**

Utvalet sluttar seg til saksframlegget og vedtaket slik det ligg føre, under føresetnad at det i tredje punkt blir vist til riktig vedtak i næringsutvalet der det vart tildelt NOK 750 000 til føremålet.

#### **Alver formannskap 03.09.2020:**

##### **Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med endring i punkt 3:

- Arbeidet blir finansiert i tråd med vedtak i kommunestyret 14.05.2020 sak 38/20.
- Rådmannen sitt framlegg med endring vart vedteke mot 1 røyst, L.Johnsen-MDG.

##### **FO- 080/20 Vedtak:**

- Alver kommune set av ei økonomisk ramme på kr 750.000 til ein moglegheitsstudie/scenarioanalyse for Nordhordland/Alver. Moglegheitsstudien er ein delprosess av scenarioanalysen for Vestland, gjennomført av Vestland fylkeskommune.
- Moglegheitsstudien for Nordhordland/Alver skal vere eit samarbeid med næringslivet i regionen
- Arbeidet blir finansiert i tråd med vedtak i kommunestyret 14.05.2020 sak 38/20.

#### **063/20: Meldingar og orienteringar**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.

#### **Utval for næringsutvikling og drift 02.09.2020:**

##### **Behandling:**

Frode Fjeldstad i Visit Bergen orienterte om reiselivssatsing i Alver og resten av

bergensregionen

Dagleg leiar Baste Tveito i Nordhordland næringslag orienterte om Green Spot Mongstad og gav statusrapport for lokalt næringsliv

Dagleg leiar Børge Brundtand i IUV orienterte om "Grøn konkurransekraft"

Jens K. Fosse ved Høgskulen på Vestlandet orienterte om SMART spesialisering som metode i samarbeid med næringslivet

Rådgjevar Line Thuen Waage i Plan og analyse orienterte om medverknads-prosess knytt til kommuneplanen - samfunnsdelen

Rådgjevar Tove Hagenes i Næring og utvikling la fram aktuelle tema i prosessen knytt til endring av retningslinjer for næringsfondet. Utvalet drøfta ulike problemstillingar og kom med innspel.

Rådgjevar Tove Hagenes informerte om ekstraordinære tilskotsmidlar til næringslivet retta mot utfordringar knytt til korona-pandemien.

Kommunasjef Hogne Haugsdal orienterte om følgjande:

- prosess med strategisk næringsplan
- næringsjef-stillinga og om organisering og koordineringsansvar næring
- temadag Mongstad 18. sept. - med planlagt synfaring på Mongstad sør og raffineriet
- klagesak næringsfond

Rådgjevar Arne Eikefet i Næring og utvikling orienterte om status for arbeid, prosjekt og prosessar i Knarvik sentrum.

Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) informerte om ulike møte, mellom anna i Kontaktutvalet.

Utvalsleiaren sette fram følgjande framlegg i møtet:

- Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar og ber administrasjonen følgja opp relevante tema i arbeidet vidare med samfunnsdelen i kommuneplanen, strategisk næringsplan, reviderte vedtekter for næringsfondet, m.m.

- Utvalet vil understreka viktigheita av å ha ei rolle som "næringsjef" eller "fungerande næringsjef" i Alver kommune, som har eit klart fokus og klar hovudvekt på næringsutvikling.

Utvalet tok samrøystes meldingar og orienteringar til orientering, med tillegg til framlegg sette fram i møtet.

#### **ND- 063/20 Vedtak:**

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar og ber administrasjonen følgja opp relevante tema i arbeidet vidare med samfunnsdelen i kommuneplanen, strategisk næringsplan, reviderte vedtekter for næringsfondet, m.m.

Utvalet vil understreka viktigheita av å ha ei rolle som "næringsjef" eller "fungerande næringsjef" i Alver kommune, som har eit klart fokus og klar hovudvekt på næringsutvikling.